

FAU v/ Byrte oppvekstsenter  
Byrte  
3880 DALEN

Byrte, 23. august 2010

Tokke kommune  
v/Ole Bjørn Bakken  
3880 DALEN

## **VEDRØRANDE BORNEHAGE- OG SKULESTRUKTURA**

Vi viser til oppfordringa frå kommunen om innspel vedrørande bornehage- og skulestruktursaka.

Foreldreutvalet ved Byrte oppvekstsenter hadde møte om saka måndag 23. august. Vi meiner kommunen må oppretthalde drifta ved Byrte oppvekstsenter, med bakgrunn i:

- Bornehagen og skulen bør liggje nokonlunde i barnas nærmiljø. Det gjer Byrte oppvekstsenter. Andre bornehage- og skulealternativ i kommunen ligg for langt unna til å vera velfungerande. Det er vanskeleg og utrygt å sende mindre born åleine langt av stad. Dei større elevane har lange og krevjande nok dagar frå før. For utkanten av bygda er det 3 mil til Tokke skule. Dagleg vil skuleskyss fram og tilbake dit forbruke minst 1time av elevanes tid. Ved arrangement på kveldstid aukar det til det dobbelte. Det forbrukar for mykje av bornas krefter, og låser familie- og oppvekstsituasjonen i altfor stor grad. Det bør tilretteleggjast for fortsatt liv i bygda ved størst mogleg fleksibilitet slik at foreldre kan ta seg arbeid, utan at det blir for store vanskar med henting og bringing. Ligg skulen på Dalen så kan det for nokon bli mykje køyring og vanskeleg Barnehage- og skuletilbod på Byrte er ei løysing som høver best.
- Oppvekstsenteret på Byrte er både moderne og praktisk, og er derfor ein godt tilrettelagt bornehage og skule for elevane. Den ligg velplassert til for å leike og utfalde seg i naturen og nær gardane i bygda. Det medverkar til auka tilknytning til bygda. Dette er viktig med tanke på at ungene sidan kan ynskje å busetje seg der.
- Borna våre trivst på bornehagen og skulen sin. Dei får anledning til å bli kjent seg i mellom. Oppvekstsenteret står òg for ein del oppgåver som medverkar til auka trivsel og integrasjon for bygdefolket elles. Dette er viktig i tider der ein kjempar for å halde oppe folketalet i kommunen. Skal ein få nye til å busetje seg her, kan ein ikkje dra inn årene for at livet på bygda skal fungere. Folketalet generelt i kommunen kan lettare oppretthaldast om bornehage- og skuletilbodet vert oppretthaldt i bygdane.
- Det er viktig at kommunen tilrettelegger for god skule på Byrte ved å syte for gode og stabile lærarkrefter. Me er takksame for engasjementet og innsatsen til ny rektorvikar Dag Rune Sandvik, og har tillit og ynskje om godt samarbeid til det beste for borna våre!

Vennleg helsing FAU, Byrte oppvekstsenter  
V/Stina Helgestad, Anita Aasen, Leila Heimdal, Torbjørn Vinjerui, Jarle Eriksen, Tone Bjørg Noraberg